



Ventum AS
Skarsvegen 311
5911 ALVERSUND

Referanser:
Dykkar: Ref.:X3DXBJ- Skjemanr.:4378
Vår: 16/268 - 16/33885

Saksbehandlar:
Tove Mette Arnø Fyllingen
ftm@lindas.kommune.no

Dato:
09.12.2016

Søknad om tilskot

Vedlagt følgjer saksutgreiing med vedtak.

Med helsing
Tove Mette Arnø Fyllingen
avdelingsleiar

Dokumentet er signert elektronisk.



Andre mottakarar:

Ventum AS

Jorunn K Fosse

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
157/16	Formannskapet	PS	08.12.2016

Saksbehandlar	ArkivsakID
Øystein Sørhaug	16/268

Ventum - søknad på næringsfondet

Vedlegg :

Søknad om tilskotSkildring av konfwebRessursar og kapital investert i Ventum AS Konfweb

Rådmannen sitt framlegg til vedtak

Formannskapet støttar prosjektet «marknadsføring i forbindelse med etablering» med 150.000 kr. Midlane vert henta frå næringsfondet.

Formannskapet - 157/16

FO - behandling:

Rådmannen sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

FO - vedtak:

Formannskapet støttar prosjektet «marknadsføring i forbindelse med etablering» med 150.000 kr. Midlane vert henta frå næringsfondet.

Saksopplysningar:

Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i Formannskapet

Bakgrunn

Ventum er eit utviklingselskap for software-løysingar.

Dei har utvikla programmet «Konfweb» med app-funksjonalitet. Dette programmet forenkler og effektiviserer administrasjonen av konfirmantarbeidet. I denne digitale plattformen vert registreringar og informasjon samla på ein stad. Målgruppa er konfirmentar, foreldre og pedagogar. Kunden er i hovudsak den Norske Kyrkja, men prosjektet ønskjer og å sjå om verktøyet har potensiale mot skule, bornehage og frivillige organisasjonar.

Gründarane har alt brukt fleire hundre tusen kroner på utviklingsarbeid og lagt inn fleire hundre

timar i oppstartsfasen.

Med konfweb vert alt obligatorisk oppmøte registrert digitalt, og oppmøtelistene vert synkronisert ift grupper og semesterplanar. Kateket/kyrkjelydspedagog brukar då mobil/nettbrett når ein registrerar oppmøte på samlingane. Konfirmantar og foreldre kan når som helst sjekke oppmøtestatus.

Prosjektet har som mål å oppnå 5000 konfirmantbrukarar ila 2017. Ambisjonen på sikt er 5 sikre jobbar i kommunen.

Prosjektet har ein totalkostnad på 720.000kr kor kostadsaktivetane er som følgjer:

- Utvikle webside 50.000 kr
- Lage profileringsfilm 50.000 kr
- Innsalg 400.000 kr
- Markedsføringsmaterial 50.000 kr
- Konseptutvikling av verktøy 170.000 kr

Lindås kommune vert bedt om å bidra med 150.000kr (20% støtteintensitet) og det resterande kostnadsaktivitetane vert løyst i form av egenkapital og eigne timar.

Vurdering

Marknaden for konfirmantlisensar er cirka 40.000 stk/årleg og med lisenskostnad på nokre hundrelappar per år/per brukar er det moglegheiter for å skapa millionomsetnad. At prosjektet også vil sjå på moglegheiter for andre målgrupper er positivt for å sikre enno meir vekstkraft.

Prosjektet er knytta opp til det kompetente inkubatormiljøet i Hagellia, noko som kan vera med på å sikra ytterligere kraft når prosjektet nærmar seg kommersialisering og sal. Det er ein ubetinga fordel for prosjektgjennomføringa at gründer/idehavar har tilknytning og nettverk til bransje og marknad, det gjer føresetnaden for å lukkast enno større.

Prosjektet har vidare klare ambisjonar for vekst og skaping av arbeidsplassar.

Når det gjeld digitalisering og digitale produkt vil dette vere ein trend som berre vil auka og auka. At det veks fram arbeidsplassar og kompetanse i kommunen innafor digitalutvikling er ei veldig ønska retning.

Lindås kommune ønskjer lukke til med prosjektet og at støtta kjem godt med!

Kva ligg til grunn for støtta?

- Tilskot må tilbakebetalast viss det ikkje vert gjennomført etter planen – ref retningslinjene. «Etter planen» vil sei foreliggjande søknad til næringsfondet og eventuelle vedlegg.
- I retningslinjene til fondet står det at 50% av tilsagnet kan utbetalast ved oppstart og at resten vert utbetalt når investeringar er i samsvar med søknaden. Det er søkar sitt ansvar å dokumentera at investeringar er i samsvar med søknaden for å få utbetalt dei siste 50%
- Får verksemda mediaomtale ønskjer Lindås kommune at det vert opplyst at Lindås kommune har vore med på å støtta prosjektet.

- Det skal leggjast fram rekneskap etter at prosjektet er gjennomført – ref retningslinjene.
- For å betala tilskotet ut på forskot, ber me om å få tilsendt eit kontonummer, dvs. send ein e-post til oystein.sorhaug@lindas.kommune.no og med e-post overskrift «utbetalingsanmodning for [prosjekttittel] og [verksemd]».

Sjå elles dei til ein kvar tid gjeldande retningslinjene til næringsfondet på heimesida til kommunen.

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning.

Klagefristen er 3 veker frå den dato du mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal senast skriftleg. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar du som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

.....